Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kinsarvik

Emne: Bordskikk til kvardags.

Bygdelag: Kinsarvik

Oppskr. av: Sigmund Rafteig.

Gard: —

(adresse): Øystese

G.nr. — Br.nr. —

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Marta L. Kinsarvik Sørensen 74 år gamal.

SVAR

1) Um ein ikkje sat med langbordet i stova som var det vanlege, so sat ein på kjøkken um ein då hadde kjøkken. Sumarsdag sat ein gjerne i eldhuset eller "mastova" med maten til kvardags, gjerne og med folgjane som ein ikkje hadde framande.

2) Alle sat med same bordet. D. s. framleis stikkan

3) Alle på same tid.

4) Alle et same slagsmat. I eldre tider hadde nok sjølvefolket og borni i huset litt betre mat no og då som tenarane ikkje fekk; men slikt fekk vart kalla jåvnge og var i litt vilaidde av den grunn

5) Ja helst på kjøkken, men det kan og kunde vera (sjå under nr. 1)

6) Ved særskilde høve kunde sjølvefolket sitja i stova å eta når tildømes det var serleg framande tilstades

7) Alle har sine faste plassar med bordet; før var dei endå nøgnare med det enn no

8) Nei ikkje på desse kantar

9) Ja. Sjå skissa. men det kunde vera noko Husmori eller dotter (heimtajenta) kunde

sitja nedarst ved bordet og på framsida. Ho hadde då næraste vegen ut om elle kjøken etter maten.

10) Heidersplassen for ein velkommen gjest var på høgresida av husbonden, der dreng eller elste son til vanleg sat, men dette kunde og ymsa.

11) Det var upp og ned med handavasken som ein gjekk til bords. Det skilde seg kva arbeid ein hadde halde på med; men skikken var og at ein helst skulde vaska hendene før ein åt. Mannfolket hev alle tider sete "hovudhatt" til bords. Sette maten seg til-bords med "huva på" so var det dårleg folkeskikk.

12) Før åt alle av same grautfat og gjerne av same mjølkeskåli. Dette vart det slutt med fa umlag 50-60 år sidan. Det kjeraldet kvar fikk til å ha mjølk i heitte mjølkekopp, mjølkeglas. Den kunde vera av tre, glas eller vanlegt steintøy (ei liti skal var vanleg). Ein tok graut på skeii og so hadde ein skeie kunti i mjølkeskåli eller mjølkeglaset etter nokko mjølk og so tok det åt munnen. Sume brukte gjerne å bita nokko lite av grautbakken før dei hadde den kunti mjølki. No brukar ein både å ha mjølk på grauten ofte, men det vanlege er gamlemåten. Er grauten kald so tek ein ut slykke kaldgraut kunt på fatiken og so hev ein varm skumma mjølk på. Mjølki må då vera so fersk at ho ikkje løyst ved uppkok. Det var ikkje med kaffien at at skikken med kvar sin mjølkekopp kom inn.

13) Det kunde nok før at gryta vart sett på bordet, men det er so lenge sidan at

7234

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ein käuper berre inn det i gamle forteljingar.
Kom det fagnadfolk til gards, so skulde alt vera
nokso likare. Men nokon prinsipskilnad var
det ikkje.

14) Ja, ein la fiskestykke - kjøtstykke o. l.
på flatbrødleivene. Kvar hadde framfor seg
so lags ein eg bete - la kjøt lèdamus på
flatbrød - hadde posteta på og klemde det
so saman. Då vart det til bete. Det same
gjer folk enno ofte, men no har ein
dei moderne matreidskapar til hjelp.

15) Ja, slik har det vore.

16) Både og. Er kaffien svært varm, so kan det
vera nødvendig å avkjøla den; men helst
skal ein drikka av koppen.

17) I slutten av siste århundrad vart det vanleg
med gaffel. (Eg har enno set eit par gamle folk eta
utan gaffel. mykje av S. Rafteg)

18) I eldre tider bruka dei tollekniv ved bordet
men aldri no når ein et heime på garden. Før
hadde dei ein kniv som heitte „jangjen". Den
var som ein liten kjøtkniv nyføreleg. Den gjekk
gjerne rundt bordet so kvar kunde skjera kjøtet
opp i passe store molar. Elles har dei bruka
vanleg brødknivar lenge no.

19) Kvar hadde si skei. Skeiene var ikkje merkte,
men kvar kjende si skei. Dei vart uppevara
i bordskuffa, seinare fekk dei ein „skeiekasse"
som gjerne stod i hylla. Enno kan ein sjå
mange stader det ein kalla „rekkja" på veggen
attmed kroppelet. Det var ein nokso lang fjøl-
male som var fest på veggen. I denne sette
dei gjerne skeiene sine i eldre tid. Det var ikkje
alltid skeiene vart vaska då. Dei berre
sleikte av dei og sette dei i rekkja. Andre




7234
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

kunde turka av dei på skinnbraki sö fyrst.
Skinne var av fed som ulla hein. Det er nok
lenge sidan dei tok til å vaska skinn. Å fast-
setja noko tid er vanskeleg, det ligg so langt
attende.

20) Tor, umlag 80-90 år attende tok dei til med
steintøy. Før den tid var fat, skaler, talerkenar
og koppar av tre. Ja ein brukte djupe talerkenar
til graut og supp.

21) Nei til kvardags brukte ein ikkje duk på bordet
Det kunde dei ikkje gjera det same når dei
hev ei fin fin bordplata som no nedfergen-
men elles er det nei og nei gått om
til å bruka voksduk til kvardags. Voks-
duken ligg på bordet millom mattidene.
Men andre dukar tek ein alltid av bordet.

22) Sjå ovanfor

23) Før delte husmori ut sulet og brødet men
aldri no. Rikkjefylgja kunde ymse men husbonden
fekk som regel fyrst um det ikkje sat ein
gjest til bords. På desse kantar segjer me
"etla" maten; etla ut maten eller
sulet tilsdømes

24) Helst delte (etla) husmori ut sulet (so som smør,
flesk, kjøt tilsdømes. Brødet vart ikkje dela ut
før eov kva slag det so var.

25) Fresjonane kunde ymse men alle skulde
verta mette. Var ei husmor knipen med
maten fekk ho snart ord på seg. Men elles
var det ikkje alle som fekk like mykje. Hus-
mori måtte kjenna folki sine i so måte
Kvinnfolki trong oftast noko mindre mat
enn karane. Halvvaksne gutar kunde vera
nokså skrubbar ved bordet, so då måtte
husmori halda att



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

31) Ja. å oppgje mudan in åt var ein stygg uskikk og dit var berre pulle ellegalne folk som kunde finne på slikt. Mannen visste ikkje at kjerringi var gali "før ho song mudan ho åt".

32) Ditte var ikkje regel til kvardags men til helg og högtid og når framande var tilstades

33) Dit er tüpp og ned med dit no. barn skal takke for og mor for maten dit er nis og skikk

34) Når ein framand kom inn medan dei åt so sa ho: "God dag og signe maten"

35) Ditte kunde ymse. Hadde han ~~[illegible]~~ fare langt og ein skjønna at han trong mat, so vart han beden tilbords, elles ikkje

36) Ditte kunde og ymse (Sjå no. 35)

37) Ditte var rådt og: men var han velkomen skulde han helst få noko betre mat. Ja so kom dit an på kva mat dei hadde for seg dei som åt

38) Ditte er regelen no. Kjeldn står gjerne på heile dagen som dit heiter. Slik var dit ofte før og.

39) Dit kjem an på tilhøvi. Er dit ein gild mann som kjem til gards so i farten, so set han seg saman med dei andre på kjøken er dit kvardag. Var dit dekt i stova so kan gjerne husbonden, husmor elle båe vera med "for lag skuld" som dit heiter, men oftast set han åleine, um dit då ikkje er vanleg mattid

40) Før var dit slik, men ikkje no.

41) Vanleg når skal ein av husfolki vera tilstades sjølv um han ikkje et med. Han set seg slik dit høver i stova, men alltid nærmd mat gjesten som et.

15-8-52.

Sigmund Ratvig

7234

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

26) Når borni er 5 år gamle skulde dei tid
vanlig bruka seg sjølv med bordet: men
det kunde ymsa. Ved den alderen fekk
dei "forsyna" seg sjølv. Dette var regelen.
Borni som hadde hjelpa småborni med
bordet, slik det kan høva. Når far eldre
syskkin og so [illegible].
27). Det hende nok før at dei lagg til
småborn. No er dette heilt slutt
28) Dette gjorde ein ofte før. No hevre med særskild
høve: høgtider m. a. No les ein bonn før og
etter ein et, er at nokon les då!
Når dei las eller les høgt for maten er det
husfaren som gjer det når det skal vera
høgtidssam. Julafton tildømes. Elles er det
helst ein av dei yngste borni når dei er
komne so langt at dei kan lesa eller læra
utor. Ein brukar gjerne bonn å lesa for maten
når bar er med til bars. Dette høyrer
millom anna med til uppsedingi. Det
er ikkje nokon skilnad um framande
er med til bars. Ein sparar helst dei
av borni som er mest blyge
29) Ja, ein skulde ha lov å snakka medan
ein åt. Det var snart husbonden, snart
husmor som førde ordet, snart ein av dei
andre. Men det skulde alltid vera sømd
over praten medan dei sat med matbordet.
30) Ein kunde sakte le medan ein åt, men
dette måtte og skje med sømd. Veit nokon
av dei halvvaksne ungane for gapen so
laut dei gjerne gå frå bordet. Det veit
da gjerne snart: du har mang ikkje lært
so mykje folkeskikk at du kan sitja
til bords med folk. Nokon sams ordtak kjenner
me ikkje til elles.

7234

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Slik er dei pussa til
vanleg men som nemnt
i teksten kan det ymsa.
Det kjem millom anna
an på romet (storl. o.l.)
S. R.




NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
7234